

Att: Adrian Husabø Bjørseth.

Aurland, 25. mai 2018.

## Søknad om infrastrukturmidlar – klage på vedtak.

Syner til vår søknad om midlar frå tilskotsordninga til infrastruktur i reiselivet samt Dykkar svar motteken hjå oss pr. post den 15. mai d.å. der De avslår nemnde søknad.

Verdsarvparken fremjar med grunnlag i nemnde dokument klage over avgjerda.

Søknaden ligg, etter det vi kan sjå, godt innafor både målsetjingar og rammer for tilskotsordninga. Syner i den samanheng til omtalen på nettsidene Dykkar kor det m.a. halde fram fylgjande i høve til sentrale prioriteringar:

- **Tiltak som medverkar til å auke verdiskapinga til reiselivsverksemdene i området.** Dette er eit tiltak som absolutt vil trekke til seg turistar i den mørke årstida og dermed styrke driftsgrunnlaget til både land- og fjordverksemdene i området.
- **Tiltak som skapar auka trafikk i skulder- og vintersesong.** Dette er eit tiltak som vil skape auka trafikk haust – og vinter; ein periode det framleis er rom for dei gode kvalitative opplevingane i verdsarvfjordane.
- **Tiltak som medverkar til auka overrisslingseffekt.** Lysprosjektet vil skape overrisslingseffekt for dei som har fjordcruisebåtar på Sognefjorden/Nærøyfjorden haust og vinter, for andre transportverksemdar, for overnattingsverksemdar, for varehandel i nærområdet og andre reiselivsrelaterte verksemdar.

I tillegg til det nemnt over vil vi sjølve halde fram at forprosjektet i seg sjølv er såpass nyskapande at erfaringar med utvikling/ rigging og drift vil ha interesse og overføringsverdi utanfor verdsarvfjordane.

Vi syner vidare til opplista kriterium der det ma. vert opplyst fylgjande:

- **Tilskot skal ikkje gå til drift og innkjøp.** Det vert her kun søkt om midlar som skal gå direkte til planleggings- og tilretteleggingsarbeid. Innkjøp og drift er ikkje omfatta av denne søknaden.
- **Destinasjonsselskapet vurderer søknaden før innstilling.** Visit Sognefjord ved Ståle Brandshaug har gjeve positiv uttale til saka: «*Prosjektet med lyssetting av område i Nærøyfjorden er eit viktig, nyskapande tiltak for å auke attraksjonskrafta og talet på tilreisande til Flåm og Sogn i perioden oktober - april. Nærøyfjorden Verdsarvpark er positive til tiltaket og samarbeider med Flåm AS og The Fjords om prosjektet. Det same gjeld Visit Sognefjord.* I tillegg til at tiltaket er innovativt for å auke vintertrafikk på Nærøyfjorden, vil prosjektet vere eit viktig pilotprosjekt for utprøving av løysingar for lyssetting og bruk av lystemnikk andre stader.



*Visit Sognefjord er i dialog med reiselivsbedriftene og kommunen om heilårleg produktutvikling i Jostedalen og ved Nigardsbreen der mogleg lyssetting vert diskutert som eit av fleire virkemiddel for auka heilårleg besøk. Med bakgrunn i at tiltaket har fokus på nyskaping for auka heilårleg turisme og utprøving av lyssetting med overføringsverdi til andre område oppmoder me om at de vert løyvd infrastrukturmidlar til tiltaket i storleik kr. 150.000 - 650.000.»*

**- Tilskot som omhandlar transportutviklingstiltak, kan berre nyttast til å dekke eventuelt kostnader som ikkje blir dekkja av billettinntekter.** Dette er eit utviklingsprosjekt som har til føremål å auke attraksjonen vinterstid slik at vitjande gjester skal få eit betre oppleving vinterstid.


Ein del av føremålet med prosjektet, i tillegg til sjølve lyssettinga, er og å kunne formidle historien og naturen som blir presentert og synleggjort på desse spesielle avgangene som i dag delvis foregår i stummande mørke. Logistikken er pr. i dag lagt opp slik at seglingsplanen for båtane korresponderer m.a. med Flåmsbana sine avgangar og vidare toga som går til/ fra Oslo og Bergen.

Det er vidare direkte feil at det ikkje er henta inn løyve frå grunneigarane for oppsett av lyspunkta i forprosjektet. Det er innhenta skriftlig løyve fra grunneigar ved Sagfossområdet, Arild Dyrdal, og 2 grunneigarar på Holmo, Thorbjørn Sund og Bjørn Henning Hov.

Når det gjeld løyve til oppsett i verneområda er vi i dialog med verneområdeforvaltninga om dette. Sagt det utgjør verdsarvområdet og verdsarvfjordane meir enn verneområda. Forprosjektet kan slik sett gjennomførast utanfor verneområda om det skulle vise seg å vere eit betre alternativ. Eit løyve frå verneområdeforvaltninga kan slik sett ikkje leggjast som ein premiss for ei evt. løyving av midlar frå denne tilskotsordninga.

Det som er nemnt over tilseier at det er eit godt grunnlag for å imøtekomme vår søknad om kr. 100 000,- frå infrastrukturmidlane til forprosjektet og vi ventar difor at ny handsaming og vedtak vert endra i samsvar med dette.

Med venleg helsing



Erling Oppheim  
Dagleg leiar

**Kopi:**

- Per A. Svanes, prosjektleiar.
- Birgittha Sandstrøm, Flåm AS.
- Rolf Sandvik, The Fjords DA.